

ÅRSRAPPORT 2017 FOR REVISJONSUTVALET OG INTERNREVISJONEN



INNHALD

Revisjonsutvalet og internrevisjonen i Helse Vest er begge ledd i å styrke styret si overvaking av internkontrollen. I samsvar med gjeldande instruksar utgjer dette dokumentet den årlege rapporten om utvalet og internrevisjonen sitt arbeid.

1. Revisjonsutvalet	4
1.1 Formål og samansetnad	4
1.2 Oppgåver	4
1.3 Møte og saker	4
2. Internrevisjonen	5
2.1 Formål og samansetnad	5
2.2 Oppgåver	5
2.3 Fagleg fundament og eksterne dialogar	6
3. Internrevisjonsprosjekt i 2017	7
3.1 Ny rapport: Oppfølging av regionale planar	7
3.2 Ny rapport: Forskingsaktiviteten i Helse Vest	7
3.3 Oppfølging av: Internkontroll i TSB-institusjonar	8
3.4 Oppfølging av: Handtering av uønskte hendingar	8
3.5 Oppfølging av: Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt	9
3.6 Oppfølging av: Forvaltning av tilskotsordningar	10
3.7 Oppstart av nye prosjekt	10

1. REVISJONSUTVALET

1.1 Formål og samansetnad

Revisjonsutvalet er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa. Instruksen vart sist justert i 2016, og det har sidan ikkje oppstått behov for endringar.

Revisjonsutvalet hadde i 2017 følgjande samansetnad:

- Gunnar Berge, leiar
- Olin Johanne Henden
- Lise Karin Strømme
- Tone Berntsen Steinsvåg (varamedlem)

1.2 Oppgåver

Revisjonsutvalet skal:

- Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre :
 - målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
 - påliteleg styringsinformasjon
 - etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
 - oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.
- Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon og ekstern revisjon.

Revisjonsutvalet meiner at internrevisjonen har dei ressursane som er nødvendige for å ivareta oppgåvene på ein forsvarleg måte.

1.3 Møte og saker

Revisjonsutvalet har hatt 5 møte og handsama 35 saker i 2017. Protokollane frå utvalet sine møte vert lagt fram for styret til orientering. Internrevisjonen er sekretær for utvalet. Frå administrasjonen i Helse Vest RHF deltek eigardirektør og økonomi- og finansdirektør fast, med talerett. Administrerende direktør deltek på eitt av møta i året, i 2017 på desembermøtet under behandlinga av mellom anna utkast til revisjonsplan. Møta er opne for andre.

Utvalet har fått rapportar frå to internrevisjonsprosjekt i løpet av året og har behandla oppstart av internrevisjon på tre nye prosjekt. Vidare har utvalet hatt saker knytt til

oppfølging av fire tidlegare prosjekt. Utvalet har hatt særskilte orienteringar frå administrasjonen om utvalde sider ved internkontrollen.

Som tidlegare år gjekk ekstern revisor gjennom si revisjonsmelding ved behandlinga av årsrekneskapen for 2016 på våren. På hausten presenterte revisor resultatane frå interimrevisjonen i 2017.

2. INTERNREVISJONEN

2.1 Formål og samansetnad

Internrevisjonen skal på vegner av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll. Instruksen vart sist justert i mars 2015, og det har ikkje vore behov for endringar sidan.

Internrevisjonen har sidan 2011 hatt tre stillingar. Kapasiteten vart redusert i 2017 som følge av ein del sjukefråvær mot slutten av året. Internrevisjonen har supplert eigen kompetanse og kapasitet med innleidd bistand i tre av prosjekta.

2.2 Oppgåver

Innan hovudoppgåva med stadfestingar er det avslutta to prosjekt i 2017, nærare omtalt seinare i årsrapporten. Oppfølging av tidlegare prosjekt er vektlagt, for å sikre gjennomføring av vedtekne tiltak. Erfaringa viser at det er nødvendig å vere klar overfor både RHF og HF på premissane for denne oppfølginga, for å sikre gjennomføring av dei tiltaka styret i Helse Vest, og føretaksstyra, har vedteke.

I tillegg til stadfestingsoppgåva (prosjekta) skal internrevisjonen på uavhengig og objektivt vis kunne gje uttalar og råd for å bidra til verdiskaping i føretaksgruppa. Vidare skal internrevisjonen vurdere korleis føretaksgruppa handterer risikoen for mislege tilhøve. Desse to oppgåvene blir i størst mulig grad integrert i dei prosjekta revisjonen gjennomfører. Sekretariatsoppgåvene er òg noko som krev kapasitet gjennom året.

Virkeområdet til internrevisjonen er heile føretaksgruppa, altså dei fem helseføretaka og Helse Vest IKT AS. Internrevisjonen har høve til å gjennomføre kontrollar i avtaleinstitusjonar og -spesialistar innan dei rammene som er sett i gjeldande avtalar. Dermed femner internrevisjon heilskapen i det som utgjer "sørgje-for"-ansvaret.

Internrevisjonen er fagleg uavhengig av linjeorganisasjonen og rapporterer til revisjonsutvalet og styret, administrativt til administrerende direktør i Helse Vest RHF. I tråd med internasjonale standardar skal leiar for internrevisjonen minst årleg stadfeste for styret si uavhengige rolle. Internrevisor vil for 2017 gje uttrykk for at det ikkje har

vore tilfelle der internrevisjonen sin uavhengige posisjon er blitt utfordra, og leiar for internrevisjonen seier seg tilfreds med den rolla funksjonen har i føretaksstrukturen.

Internrevisjonen har jamlege møte i revisjonsutvalet og faste kontaktmøte med administrerande direktør, eigardirektør og økonomi- og finansdirektør i RHF-et.

2.3 Fagleg fundament og eksterne dialogar

Internrevisjonsfunksjonen utøver sitt virke med basis i lov om helseføretak og instruks fastsett av styret i Helse Vest RHF. Vidare blir internrevisjonen utført i samsvar med dei internasjonale standardane for profesjonell utøving av internrevisjon, slik dei er fastsett av Institute of Internal Auditors (IIA). Standardane inneheld etiske reglar og krav til profesjonell utøving av intern revisjon. Leiar og medarbeidarar i internrevisjonen er difor innmeldt i IIA Norge.

I følge Standard 1312 frå IIA må internrevisjonseiningar gjennomføre ei ekstern evaluering av verksemda si minst kvart femte år. Evalueringa skal gjennomførast av ein kvalifisert, uavhengig kontrollør eller gruppe kontrollørar utanfor organisasjonen. Ei ekstern evaluering skal bidra til forbetring av internrevisjonstenesta. Den skal både kunne gje innspel om forbetringstiltak til internrevisjonen sjølv, men òg bekrefte overfor leiing og styre at internrevisjonen utøver virket sitt i samsvar med internasjonale standardar for profesjonell utøving av internrevisjon. Internrevisjonen i Helse Vest RHF gjennomførte ein slik uavhengig, ekstern kontroll våren 2017 og rapporterte resultatet av denne, samt påfølgande handlingsplan, til revisjonsutvalet. Internrevisjonen besto testen og har brukt resultata til å utvikle eit målretta kvalitetssikrings- og forbetringsprogram i løpet av året. Dette vil bli vidareutvikla på kontinuerlig basis framover.

Internrevisjonseiningane i dei regionale helseføretaka har eit tett og godt samarbeid. Samarbeidet er nyttig, gitt einingane sin likskap i størrelse og funksjon. Det har òg i 2017 vore møte på leiarnivå og med alle medarbeidarane. Internrevisjonen har som tidlegare år hatt informasjons- og erfaringsutvekslingsmøte med Riksrevisjonen. Vidare blei det vidareført orienteringsmøter i 2017 med einingane på føretaksnivå i Helse Vest som arbeider med interne revisjonar eller faglege revisjonar.

3. INTERNREVISJONSPROSJEKT I 2017

3.1 Ny rapport: Oppfølging av regionale planar



Dette var eit prosjekt som starta opp i 2016 og vart slutført sommaren 2017. Prosjektet låg føre til behandling i revisjonsutvalet i oktober og RHF-styret i desember 2017. Formålet med revisjonen var å sjå korleis internkontrollen rundt oppfølging av regionale planar fungerer. I revisjonen såg ein både på korleis RHF-et utvikla og forvalta planverket, og gjennom stikkprøver korleis planane vart følgt opp i føretaka.

Hovudkonklusjonen i rapporten var at Helse Vest samla (RHF og HF) ikkje har hatt særskilte system for å halde oversikt over gjeldande planar, felles terminologi, eller felles prosessar for utvikling av og oppfølging av planane etter vedtak. Dette har ein det siste halvanna året tatt grep om. Vidare fann vi at tiltak identifiserte i dei tre undersøkte planane langt på veg

er oppnådd, men det er vanskeleg å knytte resultatene til dei vedtekne planane. På den andre sida fann vi at føretaka har følgt den funksjonsfordelinga som vart vedtatt.

3.2 Ny rapport: Forskingsaktiviteten i Helse Vest



Prosjektet starta opp på slutten av 2016 og vart slutført sommaren 2017. Rapporten kom til behandling i revisjonsutvalet i oktober og RHF-styret i desember 2017. Formålet med revisjonen var å undersøkje korleis forskingsaktiviteten i helseføretaka gjev grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring.

Hovudkonklusjonen var at Helse Vest si forvaltning av forskingsaktiviteten i helseføretaka i hovudsak følgjer opp desse på ein tilfredsstillande måte. Gjennom måten prosjekta vert vald ut på og forskarane følgt opp, i kombinasjon med auka vektlegging av klinisk nytte, brukarmedverknad og formidling utover publisering i vitenskaplege tidsskrift, betrar ein grunnlaget for kunnskapsoverføring og

kvalitetsforbetring både internt i føretaka og i omverda. Tilrådingane i rapporten gjekk dels på klargjering av formelle forhold knytt til saksbehandlingsprosessen av søknader, dels på

auka satsing på formidling og dels på systematisering av brukarmedverknad i forskingsprosjekta.



3.3 Oppfølging av: Internkontroll i TSB-institusjonar

Denne internrevisjonsrapporten vart utarbeidd våren 2016 og kom til behandling i styret i RHF-et i september same år. Formålet var å undersøkje om dei private TSB-institusjonane Helse Vest RHF har avtale med, har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

Revisjonen omfatta alle dei åtte private institusjonane Helse Vest har avtale med. Hovudkonklusjonen var at dei private TSB-institusjonane har etablerte kvalitetssystem som gjev tiltru til at dei oppfyller krava i

forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Det låg føre eit visst rom for forbedring knytt til innhald og praktisering, og til Helse Vest RHF si oppfølging.

Internrevisjonen si oppfølging i 2017 vart lagt fram for revisjonsutvalet i april og konkluderte med at statusrapporteringa svarer ut tilrådingane i rapporten.

Revisjonsutvalet sa seg einig i konklusjonen. Utvalet uttrykte seg tilfreds med at både rapport, handlingsplan og oppfølging var ryddig – eit godt døme på eit vellukka revisjonsprosjekt.

3.4 Oppfølging av: Handtering av uønskte hendingar



Dette prosjektet vart starta opp sommaren 2015 og avslutta tidleg i 2016. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i februar, RHF-styret i april. Formålet med prosjektet var å undersøkje i kva grad føretaka i Helse Vest har hensiktsmessige retningslinjer og prosessar for handtering av uønskte hendingar («avvik»). Vi såg òg på om desse fungerer i praksis og på kva måte avviksmeldingane blir brukt til læring.

Revisjonen omfatta dei fire sjukehusføretaka og det regionale helseføretaket. Hovudkonklusjon var at føretaka langt på veg har tilfredsstillande prosessar for melding og saksbehandling, men systemverktøyet

Synergi og den regionale forvaltinga av dette var ikkje optimal.

Rapporten frå denne internrevisjonen vart framlagt for styra i Helse Vest RHF og helseføretaka i perioden mars til mai 2016, saman med handlingsplanar frå administrasjonen. Vinteren 2017 følgde internrevisjonen opp kva som hadde blitt gjort i føretaka, og meldte konklusjonen tilbake i revisjonsutvalet sitt april møte.

Internrevisor viste i saka til at det går føre seg eit godt stykke arbeid, og at tilrådingane er blitt følgt opp, eller er i prosess med å bli følgt opp. Utvalet la i drøftinga si vekt på at temaet var svært viktig, og at tilrådingane difor burde haldast fast i ennå ei tid. Utvalet bad om ei ytterligare oppfølging til seinare møte.

3.5 Oppfølging av: Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt



Dette prosjektet vart starta opp og avslutta våren 2016.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i juni, RHF-styret i september. Formålet med revisjonen var å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkeleg og hensiktsmessig for å kunne realisere forventade gevinstar. Revisjonen såg nærmare på kor langt ein i dag er komen med å stille krav om kva gevinstar/effektar investeringa skal bidra til; i kva grad desse er tydelege, konkrete og risikovurderte, og i kva grad dei vert følgt opp gjennom heile prosjektperioden og over i driftsfasen.

Revisjonen omfatta det regionale helseføretaket og dei fire ordinære helseføretaka. Hovudkonklusjon var at føretaka var i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av

forventade gevinstar i høve planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

På ettersommaren 2017 vart føretaka førespurt om status for handlingsplanane sine etter revisjonsrapporten. Til revisjonsutvalet sitt møte i oktober vart det lagt fram ei sak som konkluderte med at føretaka hadde gitt tilfredsstillande svar på spørsmåla. Revisjonsutvalet kommenterte at det er viktig at gevinstrealisering vert prioritert i linjeorganisasjonen. Utvalet viste til at RHF-et i sitt svar hadde opplyst at Sykehusbygg HF jobbar med ein rettleiar, og ba om ei munnleg orientering til våren (2018) når Sykehusbygg sitt opplegg er klart. I vedtaket sitt la utvalet til at det legg til grunn at helseføretaka òg tek rapporten inn i arbeidet med dei omfattande byggeprosjekta som er under planlegging.

3.6 Oppfølging av: Forvaltning av tilskotsordningar

Prosjektet starta opp sommaren 2016 og avslutta same hausten. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i november og RHF-styret i desember. Formålet med prosjektet

var å kartlegge og vurdere om helseføretaka hadde etablert tilstrekkeleg styring og kontroll med tildeling og oppfølging i tilskotsordningane sine.



Revisjonen omfatta i praksis berre det regionale helseføretaket. Hovudkonklusjonen var at Helse Vest RHF si forvaltning av ordninga med tilskot til brukarorganisasjonane i hovudsak var tilfredsstillande. Rutinane for - og gjennomføringa av - tildelingsprosessen bør likevel i større grad dokumenterast skriftleg.

Ei oppfølging av korleis rapporten hadde blitt behandla i administrasjonen, vart lagt fram for revisjonsutvalet i desembermøtet 2017. Utvalet sa seg nøgd med måten saka vart følgt opp på og ser revisjonen som avslutta.

3.7 Oppstart av nye prosjekt

Arbeidet med tre nye prosjekt i revisjonsplanen tok til hausten 2017 og vert slutført vinteren/våren 2018. Prosjektmandat for alle tre vart drøfta i revisjonsutvalet sitt junimøte.

Internrevisjon av kontraktstrategi og avtaleoppfølging innan IKT: I kva grad har Helse Vest ein tilfredsstillande internkontroll som sikrar gode anskaffingsprosessar og god implementering av nye IKT-system?

Helseføretaka sine samarbeidsprosjekt i utviklingsland: I kva grad har føretaka ein tilfredsstillande internkontroll som sikrar at det internasjonale engasjementet vert gjennomført innanfor dei økonomiske rammene og administrative føresetnadene som er satt, og at jus, arbeidsgjevaransvar og ulike former for risiko forbunde med prosjekta er nøye vurdert?

Risiko knytt til matforsyning: I kva grad har føretaka ein tilfredsstillande internkontroll som sikrar matforsyninga til institusjonane, og at dette er tatt med i beredskapsplanlegginga?

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Telefon: 51 96 38 00
helse-vest.no

